
Fra: Irene Nærbø Wilhelmsen
Sendt: fredag 20. desember 2019 10:53
Til: 'rune.kristoffersen@villanger.no'
Kopi: 'hildehisdal@gmail.com'; Rune Kilen; Arne Helgesen; Atle Dingen; Line Merete Valle
Emne: SV: svar på brev om tilleggsdokumentasjon

Hei,

Avkøyrsløknad sendt samtidig med ei byggesak fører til at vegavdelinga ikkje får denne før byggesak startar å sjå på saka. I dette tilfellet vart den vidare sendt for handsaming hos vegavdelinga 13.12.2019. På grunn av ferieavvikling vil vegavdelinga ikkje kunne gi ei endelig tilbakemelding om avkøyringsløyve før etter nyttår.

No har det seg slik at det ikkje er ønskeleg med 2 parallelle avkøyrslar så tett og kommunen har som mål å samle avkøyrslar der det går. Her ynskjer me at avkøyrsla vert felles med avkøyringa til reinseanlegget.

Nabotomta er ikkje eigd av Lindås kommune, men Lindås tomteselskap. Me ber difor om at de kontaktar tomteselskapet for ein avtale om vegrett og avkøyringsrett over tomta til Lindås tomteselskap, dette for å kunne nytte felles avkøyrslar med reinseanlegget.

Snitteikningane som ligg ved her viser ikkje kor den interne vegen på tomta er plassert i forhold til samlevegen i feltet som er regulert offentleg.

Me ynskjer teikningar som syner snitt av vegens plassering på tomta opp mot dagens eksisterande veg. Grøfteareal skal og vere synleg på denne type teikning.

Vegavdelinga veit av erfaring at plassering av veg på eigedom vil få stor betydning for den framtidige drifta av den offentlege vegen.

Dette gjeld bl.a handtering av overvatn, avrenning frå kommunal veg inn på eigedom, snølagring og problem knytt til salting/strøing i samsvar med vintervedlikehald.

Dersom det er planlagt mur mot veg og VA-anlegg som ligg i samlevegen må dette synast på snitteikninga og kan vere søknadspliktig etter avstandskravet til VA-leidningane .

Beklagar dei ulempene dette medfører og vil få ynskje ei riktig God Jul og eit godt nyttår!

Beste helsing

Irene Wilhelmsen | Ingeniør - vegavdelinga

E-post: irene.wilhelmsen@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 98 | **Mobil:** +47 994 66 658

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



Fra: Rune Kristoffersen [<mailto:rune.kristoffersen@villanger.no>]

Sendt: torsdag 19. desember 2019 14:08

Til: Irene Nærbø Wilhelmsen

Kopi: Hilde Hisdal

Emne: svar på brev om tilleggsdokumentasjon

Hei

Viser til brev datert 19.12.19 ref 19/3287-19/38797

- Vi har prøvd og komme i kontakt med dere pr telefon i dag men slipper ikke igjennom
- Søknad om avkjørsel var sendt inn sammen med byggesøknad datert 30.10.19
- Vedlagt følger målestokk riktige tegninger. Dette ved utskrift i A3. vi har også tegnet på nye siktlinje som strekker seg 20 meter fra senter avkjørsel
- Årsaken til planlagt plassering av avkjørsel er gjort for å lage en fornuftig stigning opp til planlagt planert byggegrop. Om vi flytter avkjørsel til senter av eiendommen vil tilkomstvei bli bratt og ikke ihht krav.
- I forhold til avkjørsel i sør øst er dette ikke en avkjørsel til en boligtomt, men en vei ned til kloakk anlegg.
- Vi har ikke søkt om dispensasjon i forhold til tilkomstvei. Dette da reguleringsplan beskriver bare at boliger skal plasseres innenfor regulerte byggegrenser.
Det er kanskje en mulighet å justere tilkomstvei noe ,ot sør vest for å ligge innenfor byggegrenser, men dette vil gå utover uteoppholdsareal og planlagt tilkomst til inngangsparti.

Håper at dette er tilstrekkelig informasjon og at saksbehandlingen kan prioriteres.

Med vennlig hilsen

Rune Kristoffersen

Boligselger/faglig leder



Villanger & Sønner AS

Adresse : Kvassnesvegen 45 / 5914 Isdalstø

Telefon 56 35 79 70

Mobil: 92 68 50 32

Rune: rune.kristoffersen@villanger.no

<https://www.nordbohus.no/forhandler/villanger>